

Også vi får senior-universitet

18.08.2009



**Kultursjef Kristian Bringedal (biletet) har fått svært mange positive tilbakemeldinger på ideen om å starta eit eige senior-universitet også i denne kommunen.
Senioruniversiteta for Sunnhordland og Odda er svært aktive med seminar og førelesingar for dei over**

**60 og Bringedal meiner at er grunnlag for eit slikt tiltak også her.
Interessa er stor nok, held Bringedal fram.**

Eit interimstyre førebur no skipinga som skal skje på Eldredagen 1. oktober. Bringedal lovar at førelesingane skal vera av høg kvalitet. Det vil verta mange tidlegare universitetsførelesarar og tema vil til dømes vera lokalhistorie, mattradisjonar, bygde- og samfunnsutvikling og språk.

Om møta som i Odda skal gå føre seg på dagtid må ein vurdera nærmare etter kvart.

Kommunen skal vera med og dra i gong organisaasjonen som er ein del av det nasjonale tilbodet Den kulturelle spaserstokken. Den har også gjeve faste tilbod til bebruarar og pårørande ved sjukeheimane.

- Vi må ikkje nulla oss inn i den tankegongen at dei eldre berre skal ha eit tilbod om arrangement som til dømes 'Syng med oss' og salmesong, seier Bringedal til innsida.no

Av Ola Matti Mathisen